LINDÅS KOMMUNE
Planavdelinga

Arve Fyllingsnes
Fyllingsnesvegen 136
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eli Bjørklid | 14.12.2015 |
| Vår: 15/4067 - 15/37409 | Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no | |

# Gbnr214/65 Fyllingsnes. Førebels svar på søknad om deling.

Syner til søknad om deling av om lag 500m2 skogsmark frå gnr.214 bnr.65. Søknaden er motteke i kommunen 03.12.2015.
Søknaden er mangelfull, og det er difor naudsynt at de svarar på dei spørsmåla som vert stilt nedanfor:

1. Det går ikkje fram av søknaden kva som er føremålet med tiltaket. Dette er naudsynt å vite for å kunne take stilling til spørsmålet om dispensasjon.
2. Tiltaket ligg i LNF område, og for å kunne dele frå er det naudsynt med dispensasjon frå gjeldande plan, og frå forbodet mot tiltak i strandsona. Det er ikkje søkt om dispensasjon i søknaden.
3. Tiltaket er ikkje nabovarsla.
4. Slik parsellen er avgrensa på kartet, ser det ut til at ein veg til sjøen er grense for tiltaket mot nord. I kommunen sine arkiv ligg det ikkje føre nokon dokumentasjon som syner at vegen er lovleg bygget. I kart er vegen markert som stil til sjøen. Det er naudsynt for dykk å gjere greie for om vegen er lovleg bygget og når løyvet til bygging vart gjeve.

Sidan tiltaket ligg i område der det er naudsynt med dispensasjon, vil søknaden verte sendt til Fylkesmann/Fylkeskommune på høyring før kommunen tek stilling til spørsmålet om deling.
Saka vert ikkje sendt på høyring før det ligg føre utgreiing frå dykk som svarar på dei spørsmåla som er stilt ovanfor.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Arnold Matre | Eli Bjørklid |
| fagleiar | saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arve Fyllingsnes | Fyllingsnesvegen 136 | 5913 | EIKANGERVÅG |